Referat FAU Foldnes skule

Dato:	**14.09.2026**	**Referent:**	Hallvar
Sted:	**Foldnes skule**		

	Disse er innkalt:	**Møtt**	**Forfall**
1.	Line(1A)		
2.	Katrine(1B)	X	
3.	Hallvar (2A)	X	
4.	Casper(2B)		
5.	Stine(3A)		
6.	Hanne (3B)	X	
7.	Kristine (4trinn)	X	
8.	Morten(5A)	X	
9.	Caroline(5B)		
10.	Nils (6A)	X	
11.	Maria (6B)	X	
12.	Marie (7A)	X	
13.	Laurice (7B)	X	

Sak		**Ansvarlig**	**Frist**
1	**Rektor informerer** Rektor var ikkje til stades på møtet og hadde ingen eigne saker denne gongen. Det er berre 14 dagar sidan førre FAU-møte, som vart gjennomført saman med rektor.		
2	**Val av roller** Følgjande roller vart fordelte: • Ansvarleg for elevkveld: Maria (6B) • Trafikkansvarleg: Marie (7A) Årets 17. mai-komité vert sett saman av foreldrerepresentantar, to personer frå kvar klasse i 2., 4. og 6. trinn, og er ikkje nødvendigvis knytt til klassekontaktar eller FAU-medlemmer. Laurice ønskjer ei gjennomgang av rapporten frå førre 17. mai-arrangement med den nye 17. mai komitéen snarleg. Namn på to representanter frå kvar klasse må meldast inn seinast 18. september.		

	Nils blir FAU sin representant i 17. mai-komiteen.		
3	**Planlegging elevkveld mellomtrinn (5-7. klasse)** FAU drøfta innhald og aktivitetar for elevkveld. Innspel frå elevane tyder på at dei ønskjer meir varierte aktivitetar enn berre diskotek. Aktuelle aktivitetar: • Kanonball • Kiosk • Quiz/rebus • Brettspel og kortspel Det må kjøpast inn fleire kortstokkar og spel, samt fyllast opp med kioskvarer. FAU vedtok å arrangere elevkvelden i overgangen mellom januar og februar. Haustsemesteret er allereie prega av mange aktivitetar, og det vart vurdert som mest formålstenleg å leggje arrangementet til vinteren.		
4	**Elevkveld småtrinn** FAU meiner elevane på småtrinnet framleis er for unge til å delta på elevkveld. Det vart likevel lufta som ein moglegheit at elevar som skal byrje på mellomtrinnet (komande 5. trinn) kan inviterast til elevkveld på våren.		
5	**Temakveld for foreldre i år med barnevakten** FAU drøfta moglegheita for å arrangere temakveld i samarbeid med Barnevakten. Kostnaden for eit foredrag er om lag kr 6 000. FAU meiner eit eventuelt opplegg bør omfatte både elevar og foreldre, ikkje berre foreldre. Aktuelt målgruppe er elevar frå 4. trinn og oppover. Det vart diskutert eit opplegg på om lag to timar, der klassane deltek kvar for seg, i første omgang for 6. og 7. trinn.		

	Det skal undersøkast om Barnevakten har kapasitet til å gjennomføre eit slikt opplegg, til dømes i midten av november. FAU vurderer dette som ei god investering.		
6	**Gjennomgang av årshjul 2026/2027** Årshjulet vart gjennomgått. Dokumentet er framleis under revisjon.		
7	**Eventuelt** - Det vert planlagt refleksaksjon i november, når morgonane blir mørkare. - FAU ønskjer å gjennomgå økonomien i den klassevise støtteordninga for å vurdere eventuelle justeringar frå neste skuleår. Ordninga er populær og vert nytta av fleire klassar. - FAU sponsar frukt til skuleløpet i haust. - Det vart reist spørsmål om mattilbod i SFO kvar dag. Tidlegare har dette vorte vurdert som økonomisk urealistisk. FAU-leiar tek saka opp med rektor på nytt. - Det vart oppmoda om å dele informasjon om initiativet *Smarttelefonfri barndom* på FAU sine informasjonskanalar. Temaet vart òg diskutert på foreldremøte i fjor. Meir informasjon finst på Smarttelefonfri barndom.		

Neste møte	12.10.2026